

10.01.2023

Karmøy Kommune
Rådhuset, Postboks 167
4291 Kopervik

Deling av landbrukseigedom

Eiendom 54/3 er ein landbrukseigedom som ligg på Dale rett nord for Skudeneshavn. Den består av 52,2 dekar fulldyrka og 18,5 dekar innmarksbeite. Totalt areal på 128,6 dekar. I tillegg er ein deleigar i ein del beite, blant anna et betydeleg stort område rett nordover som ikkje har matrikelnummer. De siste åra har garden vært leit ut til nabo som driv på med sau og storfe. Han grensar opp til ein del av arealet, som gjer at beitinga fungerer fint når det gjelder å flytte dyr.

Eigendommen har forholdsvis lite areal, da spesielt når det gjelder beite. Per i dag er der heller ikkje ein driftsbygning som held dagens standard. Dette betyr at viss ein skal starte opp med dyr så vil det krevje betydeleg investeringar, som gjer at dette ikkje er realistisk. Derfor ser ein føre seg at ein dele frå bygningsmassen og sel arealet til ein nabo som leigar i dag og alt har gjort investeringane som trengs. Dette vil styrke drifta for naboen. Då ein kan drifte eit areal som ein eig sjølv, noko som gir han både eit betre grunnlag og ein større stabilitet for drifta.

Det vil også være slik at viss naboen slepp å kjøpe bygningsmassen vil en få ein pris som er meir tilpassa avkastningsnivået i jordbruket. Det å eige den jord ein driv er viktig for drifta og derfor å kunne får overtatt jord utan at det fordyrande med bustader er viktig. Det er også slik at for eigaren vil det fort ikkje være aktuelt å selje til naboen utan at ein får halde igjen bustadane.

Det ein søker om er frådelling av 2 områder.

1. Dette er hovudhuset som ligg på eigendommen. Her søker ein om å fråskiljing etter naturlege skilje mellom hage og arealet som blir drifta. Søkt om frådelt areal vil være på ca 2 dekar. En har valt å ta med vegen inn til tunet, då kjøpar av jorda ikkje har brukt for denne og en vil kunn få ein vegrett å forholde seg til som gjeld parsell 2.

2. Den andre parsellen består av kårboligen inkl dagens hage rundt. En har også tatt med litt inn mot tunet slik at det vil være mogleg å kunne parkere meir enn ein bil på tomta. Søkt om frådelt areal vil være på ca 1 dekar.

For begge tomtene er det ikkje tatt med meir areal enn det som er naturleg for tunet og hage i dag.

Nabovarsel

Der er ingen naboar som grenser til omsøkt utdelt tomt, anna enn søker, derfor ligg det ikkje ved nabovarsel.

Helsing

Tor Magne Liknes
Eiger

Neri Havrevoll
Addera SA

Vedlegg:

Søknad om oppmåling/deling
Kart – oppteikna frådelt område
Kart - vassledning